





JØLSTER KOMMUNE		MØTEBOK			
KONTROLLUTVALET I JØLSTER KOMMUNE					
Møtestad:	Møterom 2	Møtedato:	12.09.2013	Frå kl. :	12:00
Rådhuset på Skei				Til kl. :	13:40
Faste medlemmer i Kontrollutvalet :					
	Møtte:	Forfall:	Merknader :		
1. Audun Høyvik, 6843 Skei i Jølster (leiar)	X				
2. Vigdis Tonning, Hjellbrekka, 6847 Vassenden. (nestleiar)	X				
3. Tom Erik Sandal, Viken 4, 6843 Skei i Jølster.	X				
Personlege varamedlemmer :					
	Møtte:				
1. Helge Torpe, Åhus, 6847 Vassenden					
2. Hildegunn S Huus, Huus, 6843 Skei i Jølster.					
3. May Ina K Jarning, Langhaugane 24, 6847 Vassenden.					
1. Arne Lesto, 6847 Vassenden.					
2. Hilde Yndestad Halland, 6843 Skei i Jølster.					
3. Irene Lesteberg Holsen, Furehogen 12, 6847 Vassenden					
4. Leif Gabriel Kapstad, Storetrævegen, 6847 Vassenden.					
Ordføreren har møte og talerett i utvalet:					
Ordfører og rådmann får tilsendt møteinnkalling til utvalet sine møte.					
Andre som møtte :					
SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø					
KRYSS-revisjon v/Charles Litsheim					
Saker som vart handsama / drøfta i møtet :					
SAKLISTA I MØTET :					
016/13	Godkjenning av sakliste og møteinnkalling.				
017/13	Skriv og meldingar				
018/13	Forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Innkjøpsrutinar teknisk sektor» - Tinging.				
019/13	Budsjett for 2014 – Drift av kontrollutvalet				
020/13	Oppfølgingsliste 3-2013 Jølster				
021/13	Eventuelt.				
Merknader :					
UNDERSKRIFTER :					
					
Audun Høyvik, leiar		Vigdis Tonning		Tom Erik Sandal	
					
Vidar Øvrebø, sekr.					

016/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 05.09.2013

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	12.09.2013	016/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

- Det var ingen merknadar til innkalling og sakliste.

017/13 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 05.09.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	12.09.2013	017/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 12-13: Kommunestyrevedtak 031/13 «Søknad om fritak frå kommunale verv», den 18.06.2013.
- SM 13-13: Kommunestyrevedtak 024/13 «Årsmelding 2012», den 18.06.2013.
- SM 14-13: Kommunestyrevedtak 023/13 «Årsrekneskapen for 2012», den 18.06.2013.
- SM 15-13: Rundskriv frå kommunal og regionaldepartementet om iverksetjing av endringer i kommuneloven m.m. – egenkontroll mv., datert 21.06.2013.
- SM 16-13: Brev frå KRYSS-revisjon til eigarkommunane til KRYSS-revisjon – «Årsrekneskap og årsrapport for 2012, KRYSS-revisjon» datert 22. mai 2013.09.05
- SM 17-13: Styrevedtak SEKOM-sekretariat – «sak 008/13 Kjøp av sekretariatsteneste i overgangsperiode», datert 10.07.2013.
- SM 18-13: Materiell frå FKT konferanse i juni.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

18/13: FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – INNKJØPSRUTINAR TEKNISK SEKTOR – TINGING

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat

Dato: 05.06.2011

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	12.09.2013	018/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Utkast tingsdokument forvaltningsrevisjon «Innkjøpsrutinar teknisk sektor», datert 12.09.2013

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kontrollutvalssak 04/13 og 13/13

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

1. Tinginga for prosjektet ” Innkjøpsrutinar teknisk sektor ” vert godkjent.
2. Tingsdokumentet vert sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonisering.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

- Tinginga for prosjektet ” Innkjøpsrutinar innan Plan og Næring ” vert godkjent.
- Tingsdokumentet vert sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonisering.

Saksutgreiing

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – INNKJØPSRUTINAR TEKNISK SEKTOR – TINGING

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Tinging av forvaltningsrevisjonsprosjekt ” Innkjøpsrutinar teknisk sektor.”

Saksopplysningar:

Det vart i 2012 gjennomført overordna analyse som var grunnlag for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon. I kontrollutvalsmøte 26.02.2013 i sak 04/13 «Plan for forvaltningsrevisjon» gjorde kontrollutvalet tilråding til kommunestyret om plan for forvaltningsrevisjon med prioritert oppsett av prosjekt. I kommunestyremøte 15.03.2012 i sak 012/13 «Plan for forvaltningsrevisjon» godkjente kommunestyret planen.

I kontrollutvalsmøte 08.05.2013 under sak 013/13 ”Forvaltningsrevisjon- val av prosjekt - Jølster” valte kontrollutvalet at det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonsprosjekt mot innkjøpsrutinar teknisk sektor.

SEKOM-sekretariat har no utarbeidd eit utkast til tinging av oppdraget. Utkastet ligg ved. SEKOM-sekretariat har diskutert prosjektet med KRYSS-revisjon.

Etter vedtak i kontrollutvalet vil tinginga bli sendt til KRYSS-revisjon, som vil operasjonalisere og gje tilbakemelding på tinginga.

Vidare handsaming av prosjektet vil bli tilnærma som følgjande:

- Oversending av tinginga til KRYSS-revisjon.
- Tilbakemelding frå KRYSS-revisjon vedr. tingingedokumentet med tidsplan for gjennomføring.
- Handsaming av tilbakemelding frå KRYSS-revisjon i kontrollutvalet.
- Innhenting av status gjennom prosessen.
- Fortlaupande tilbakemeldingar til kontrollutvalet.
- Fortlaupande dialog rundt prosjektet med høve til revurdering av problemstillingar med meir. Initiativ frå KRYSS.
- Levering av prosjekt KRYSS til SEKOM
- Handsaming av rapport i kontrollutvalet.
- Handsaming av rapport i kommunestyret.
- Oppfølging av kommunestyret sitt vedtak eit år etter vedtak i kommunestyret

Sekretariatet sine vurderingar:

Det vert vist til saksutgreiinga.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

KRYSS-revisjon

6800 FØRDE

Jølster 12.09.2013

TINGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT "INNKJØPSRUTINAR TEKNISK SEKTOR»

Prosjektnamn

Innkjøpsrutinar for Plan og Næring i Jølster kommune.

Bakgrunn for undersøkinga

Forvaltningsrevisjon er heimla i kommunelova § 77 pkt. 4 og i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar kap. 5. I § 9 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar går det fram at kontrollutvalet skal sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av verksemda i kommunen.

I kontrollutvalsmøte 26.02.2013 i sak 04/13 Plan for forvaltningsrevisjon 2013 – 2016 gjorde kontrollutvalet tilråding til kommunestyret om plan for forvaltningsrevisjon med prioritert oppsett av prosjekt.. I kommunestyremøte 05.03.2013 i sak 012/13 Plan for forvaltningsrevisjon 2013 – 2016 godkjente kommunestyret planen.

Formål med undersøkinga

Dei styrande organ i Jølster kommune ynskjer ei vurdering av innkjøpsrutinane i teknisk sektor..

Avgrensing av undersøkinga

År 2013.

Aktuelle problemstillingar og vilkår for prosjektet

- Følgjer Tenesteeiningane 620 Drift/Komtek avgiftsområda og 621 Drift og kommunalteknikk i Jølster kommune regelverket for kommunale innkjøp, og er det etablert rutinar for å sikre dette?

Økonomi

Prosjektet skal gjennomførast innanfor dei tildelte ressurstimane i avtalen med leverandør .

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	951 39 762 Vø 57 61 27 86 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Kjeldegrunnlag


Kommunelova.
Lov om offentlege anskaffelsar.
Innkjøpsavtale mellom kommunane i Sogn og Fjordane/Fylkeskommunen.
Overordnaanalyse 2012 – 2016.
Plan for forvaltningsrevisjon 2013– 2016.
RSK001.

Rapportering

Revisor skal gje tilbakemelding til kontrollutvalet på tingingsdokumentet i samsvar med føresegnene i RSK001. Jfr særskilt pkt. 11, 12, 16, 19 og 20.
Det vil bli innhenta status frå revisor framfor møte i kontrollutvalet inntil rapport vert levert.
Rapport skal leverast innan 1. oktober 2014.

Tinginga er vedteken godkjent i kontrollutvalet såleis:

Kontrollutvalssak 018/13 «Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Innkjøpsrutinar for Plan og Næring i Jølster kommune – Tinging», den 12.09.2013


Audun Høyvik
-kontrollutvalsleiar-


Vidar Øvrebo
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	951 39 762 Vø 57 61 27 86 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

019/13 BUDSJETT 2014 FOR DRIFT AV KONTROLLUTVALET

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM-sekretariat
Dato: 05.09.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	12.09.2013	019/12	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyre		-	-	Ja

Melding til:

Saksvedlegg.

- Spesifikasjon av forslag til budsjett.
- Reglement for godtgjersle til folkevalde i Jølster kommune.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kommunelova.
- Kommunestyrevedtak 027/12 Godtgjersle til folkevalde endringar

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

1. Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett og artsspesifikasjon for "Drift av kontrollutval".

Konto 11600 Skyss- og diettgodtgjersle	Kr. 5.000,-
Konto 10800 Godtgjersle folkevalde	Kr. 23.000,-
Konto 10990 Arbeidsgjevaravgift	Kr. 2.000,-
Konto 11500 Opplæring/kurs/seminar	Kr. 10.000,-
<u>Konto 11959 Kontingentar</u>	<u>Kr. 1.200,-</u>
<u>Drift av kontrollutvalet</u>	<u>Kr. 41.200,-</u>

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

2. Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett og artsspesifikasjon for "Drift av kontrollutval".

Konto 11600 Skyss- og diettgodtgjersle	Kr. 5.000,-
Konto 10800 Godtgjersle folkevalde	Kr. 23.000,-
Konto 10990 Arbeidsgjevaravgift	Kr. 2.000,-
Konto 11500 Opplæring/kurs/seminar	Kr. 10.000,-
<u>Konto 11959 Kontingentar</u>	<u>Kr. 1.200,-</u>
<u>Drift av kontrollutvalet</u>	<u>Kr. 41.200,-</u>

Saksutgreiing

BUDSJETT 2014 FOR DRIFT AV KONTROLLUTVALET

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Budsjett 2014 for drift av kontrollutvalet.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar §18, har kontrollutvalet ansvar for at det vert utarbeidd budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Eit forslag til budsjettråme skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Kontroll- og tilsynsorganet inneheld tre element, (heretter kalla prosjekt i samsvar med nemningane i kontoplanen); revisjon, sekretariat og drift av kontrollutvalet. Det er naturleg at budsjettet vert fordelt på desse tre prosjekta.

I posten "Drift av kontrollutvalet", høyrer følgjande kostnader naturleg inn:

Kostgodtgjersle
Køyregodtgjersle.
Tapt arbeidsforteneste
Møtegodtgjersle
Arbeidsgjevaravgift
Kurs/seminar
Kontingentar
Andre utgifter

For kontrollutvalet i Jølster gjeld følgjande satsar for godtgjersle:

- Kost- og køyregodtgjersle etter statens regulativ
- Tapt arbeidsforteneste, kr. 750,- ulegitimert. Legitimert tap arbeidsforteneste vert dekkja etter dokumentasjon.
- Møtegodtgjersle for kontrollutvalseiar 1% av ordførarløn, som igjen er 75% av stortingsrepresentant si løn.
- Møtegodtgjersle medlemmer i kontrollutvalet 0,15% av ordførarløn - pr. møte.

Stortingsrepresentantgodtgjersle er pr. 01.05.2013 kr. 836 579,-.

Jølster kommune er med i interkommunale samarbeid når det gjeld revisjon og sekretariattjenester gjennom høvesvis KRYSS-revisjon og SEKOM-sekretariat. Begge desse selskapa er organiserte etter §27 i kommunelova, og begge selskapa har teke inn i vedtektene sine at det er styret i selskapet som vedtek budsjettet, og at budsjettet skal sendast til kommunane innan 1. november året før budsjettåret.

Sekretariatet sine vurderingar:

Budsjettforslaget blir lagt fram som følgje av krav om dette i lova.

Budsjetta for KRYSS-revisjon og SEKOM-sekretariat vert vedtekne i dei respektive styra. Kontrollutvalet skal derfor ikkje leggje fram budsjett for desse.

Kontrollutvalet bør ha høve til å ta ut perioderapportar i løpet av året. Derfor er det viktig at budsjettpostane vert lagt inn i budsjettet til Jølster kommune slik at dette er mogeleg.

BUDSJETT KONTROLLUTVALET I JØLSTER KOMMUNE 2014

Køregodtgjersle	5000 (5*4,05*230)	4657	
Tapt arbeidsforteneste	5000 (5*750*1,12)	4200	
Møtegodtgjersle	18000 Ordf gj 627434		Leiar 1% av ordf.løn 6274 Medl 0,15% pr møte, 4 møte
Arbeidsgjevaravgift	2000 10,6% av m.g. og t. arb.f.t.		
Kurs/seminar	10000		
Kontingentar	1200		
Andre utgifter	0		
Drift	41200		

Stortinsrepresentant 836 579 pr. 1.5.2013.

020/13 OPPFØLGINGSLISTE 3-2013 JØLSTER

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 05.09.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval Formannskap Kommunestyre	12.09.2013	020/13 - -	- - -	Ja

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 3-2013 Jølster.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 3-2013 vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Oppfølgingsliste 3-2013 vert teken til vitande.

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 3-2013 JØLSTER

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 10.05 2013.

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 3-2013 - Jølster.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Jølster kommune

Saker som er avslutta vil ikkje come med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
04/10 Tiltak kontrollutvalsarbeid	15.02.10		15.02.10 Vedtak KU - Orientering om drifta på dei ulike områda - Tertialrapportar. - Tilsynsrapportar frå fylkesmannen - Kvalitetsrapportar revisor - Orientering frå revisor
13/12 Eventuelt.	10.05.12		10.05.12 Vedtak KU – Be kommunen om å leggje møteplan inn på kommunen sin elektroniske møteplan. 11.05.12 s e-post til kommunen.
016/10 Forvaltnings revisjonsprosjekt "Verknad av organisasjonsendring ved pleie- og omsorgstenesta i 2006"	28.09.12		28.09.12 Vedtak i KU – Det vert vist til revisjonsrapporten «Verknad av organisasjonsendring ved pleie- og omsorgstenesta i 2006», datert 04.09.2012. Funna i rapporten bør brukast vidare i kommunen si planlegging av pleie- og omsorgstenesta, særskilt i samband med samhandlingsreforma. 01.10.12 Rapport sendt over til kommunestyret med tilråding til vedtak. 13.11.12 Vedtak kst sak 067/12
004/13 Plan forvaltningsrevisjon – Jølster kommune.	26.02.13		-26.02.13 Vedtak i KU - Tilråding frå kontrollutvalet til kommunestyret: Kommunestyret godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Jølster kommune for perioden 2013 – 2016. -Planen har i utgangspunktet følgjande prioritering av prosjekt: 1. Innkjøpsrutinar Teknisk sektor. 2. Oppfølging av sjukefråvær. 3. Sikring og bruk av kunst. -Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt eller endre prioritering i perioden. 28.02.13 Sendt til Kst.
009/13 Eventuelt	26.02.13		26.02.13 Vedtak i KU – Kontrollutvalet ber om at møteplan for kontrollutvalet vert lagt inn i møteplanen kommunen sin plan på Jølster kommune si heimeside.
010/13 Godkjenning innkalling og sakliste	08.05.13		08.05.13 Vedtak i KU: Ingen merknadar
011/13 Skriv og meldingar	08.05.13		08.05.13 Vedtak i KU: Skriv og meldingar vert teken til vitande.
012/13 Årsrekneskapen 2012 – Jølster kommune.	08.05.13		08.05.13 Vedtak i KU: Sjå vedlagte uttale frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2012 for Jølster kommune.
013/13 Forvaltningsrevisjon – Val av prosjekt – Jølster.	08.05.13		08.05.13 Vedtak i KU: -Kontrollutvalet ynskjer å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjektet "Innkjøpsrutinar teknisk sektor". -SEKOM-sekretariat får i oppgave å utforme tinging av

			prosjektet til neste møte i kontrollutvalet.
014/13 Oppfølgingsliste 2-2013 Jølster	08.05.13		08.05.13 Vedtak i KU: Oppfølgingsliste 2-2013 vert teken til vitande.
015/13 Eventuelt.	08.05.13		08.05.13 Vedtak i KU: Kontrollutvalet vedtek at Vigdis Tonning reiser på FKT sin kontrollutvalskonferanse 5-6. juni på Gardermoen.

Oppdatert 10.05.13.

021/13 EVENTUELT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 05.09.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	12.09.2013	021/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

- Sekretaritet får i oppgåve å be kommunen om å legge møteplan til kontrollutvalet på kommunen si heimeside saman med andre råd og utval.

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.